

Møteprotokoll

Utval: Ålesund kontrollutval
Møtestad: Ålesund rådhus, lågblokka rom 463
Dato: 03.09.2024
Tidspunkt: kl. 16:30 - 18:00

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Geir Stenseth
Hans Endre Sæterøy
Svein Rune Johannessen
Åse Marie Myren

Møtenotat

Andre til stades i møtet

Frå administrasjonen:

konst. kommunedirektør Anne Mette Liavaag, kommunalsjef Sol Berntsen Slinning,
ass.kommunalsjef/konst verksemdleiar Ingunn Osdal Stette,
beredskapsansvarleg/verksemdleiar Helge Veum.

Frå Møre og Romsdal Revisjon:

forvaltningsrevisorane Terje Gundersen-Røvik og Ola Godø Andersen.

Frå kontrollutvalsekretariatet: seniorrådgivar Solveig Kvamme

Svein Rune Johannessen
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Seniorrådgivar SKS IKS

Sakliste

- PS 26/24 Orienteringar
OS 04/24 Orientering etter forureininga frå Brusdalsvegen 208 til Brusdalsvatnet
- PS 27/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
PS 28/24 Forureining frå Brusdalsvegen 208 til Brusdalsvatnet
PS 29/24 Revisor sin rapport etter forenkla etterlevingskontroll 2023
PS 30/24 Oppdrag bestilt av Ålesund kommunestyre om budsjettprosessen
PS 31/24 Forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027
PS 32/24 Budsjettramme for kontrollarbeidet 2025
- PS 33/24 Meldingar
MS 12/24 Revisor si erklæring om uavhengigheit 2024
MS 13/24 Kontrollutvalet si påsjå-rolle ovanfor revisjonen
MS 14/24 Attvin AS - protokoll frå generalforsamling 07.06.2024
MS 15/24 Innkalling ekstraordinært representantskapsmøte 29.08.2024 IKA MR

PS 26/24 Orienteringar

OS 04/24 Orientering etter forureininga frå Brusdalsvegen 208 til Brusdalsvatnet

Ålesund kontrollutval 03.09.2024

ÅKOU 04/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Behandling

Konst. kommunedirektør Anne Mette Liavaag, kommunalsjef Sol Berntsen Slinning, konst. verksemdleiar Ingunn Osdal Stette, og beredskapsansvarleg Helge Veum orienterte og svarte på dei spørsmål kontrollutvalet stilte.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 27/24 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Ålesund kontrollutval 03.09.2024

ÅKOU 27/24 Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 28/24 Forureining frå Brusdalsvegen 208 til Brusdalsvatnet

Ålesund kontrollutval 03.09.2024

ÅKOU 28/24 Vedtak:

Kontrollutvalet er gjort godt kjent med hendinga der kommunen sjølv slapp forureining ut i Brusdalsvatnet. Etter administrasjonen si orientering til kontrollutvalet om hendinga, vurderer kontrollutvalet at det er knytt stor risiko og vesentlegheit til kommunen si forvaltning av drikkevattnet.

Kontrollutvalet tilrår derfor kommunestyret til å vedta at kontrollutvalet bestiller ein uavhengig forvaltningsrevisjon av drikkevassforsyninga og den aktuelle hendinga.

Behandling

Nytt forslag frå eit samla utval, foreslått av Svein Rune Johannessen:

Kontrollutvalet er gjort godt kjent med hendinga der kommunen sjølv slapp forureining ut i Brusdalsvatnet. Etter administrasjonen si orientering til kontrollutvalet om hendinga, vurderer kontrollutvalet at det er knytt stor risiko og vesentlegheit til kommunen si forvaltning av drikkevattnet.

Kontrollutvalet tilrår derfor kommunestyret til å vedta at kontrollutvalet bestiller ein uavhengig forvaltningsrevisjon av drikkevassforsyninga og den aktuelle hendinga.

Kommunedirektøren med følge, gav kontrollutvalet ei god orientering i møtet og svara på spørsmål. Med bakgrunn i mellom anna orienteringa, dokumentasjonen som vart henta frå kommunen sitt sakarkivsystem, og omtalane av hendinga i media, drøfta kontrollutvalet om risiko og vesentlegheit var så stor at det er grunnlag for å vurdere ei kontrollhandling.

Utvalet si samla vurdering var at det er fleire sider ved hendinga som tilseier at ein bør å gå vidare til kommunestyret og tilrå at kontrollutvalet kan betille ei uavhengig kontrollhandling.

Kommunestyret har i sak 202/2020 vedtatt plan for forvaltningsrevisjon for 2020-2024.

Kommunestyret gav då kontrollutvalet mynde til å foreta endringar av planen i perioden, om det er naudsynt.

Den aktuelle hendinga viser at risiko og vesentlegheit er stor, og ein forvaltningsrevisjon av drikkevassforsyninga og den aktuelle hendinga er høgst aktuelt.

Eit samla kontrollutval fremma forslag om at det vert sett i gang ei kontrollhandling.

Det er igjen midlar til å bestille ein forvaltningsrevisjon innan budsjetttramma for kontrollarbeidet 2024, slik at ein ikkje treng ekstra budsjettmidlar frå kommunestyret til gjennomføring av denne kontrollhandlinga.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå kommunedirektøren til vitande.

PS 29/24 Revisor sin rapport etter forenkla etterlevingskontroll 2023

Ålesund kontrollutval 03.09.2024

ÅKOU 29/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll 2023 med attestasjon og tilvising i Ålesund kommune, til vitande.

Behandling

Forvaltningsrevisor Terje Gundersen-Røvik la fram revisor sin rapport etter forenkla etterlevingskontroll med attestasjon og anvisning, for kontrollutvalet.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek revisor sin uttale og rapport om forenkla etterlevingskontroll 2023 med attestasjon og tilvising i Ålesund kommune, til vitande.

PS 30/24 Oppdrag bestilt av Ålesund kommunestyre om budsjettprosessen

Ålesund kontrollutval 03.09.2024

ÅKOU 30/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

Behandling

Forvaltningsrevisor Ola Godø Andersen oppdaterte kontrollutvlaet på status i saka og målet er at kontrollutvalet får behandle ein ferdigstilt rapport frå undersøkinga i sitt møte 29. oktober.

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Møre og Romsdal Revisjon SA til vitande.

PS 31/24 Forslag til plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027

Ålesund kontrollutval 03.09.2024

ÅKOU 31/24 Vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til framlagte Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 Ålesund kommune. Planen vert sendt til kommunestyret med følgjande tilråding:

Kommunestyret vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 Ålesund kommune, slik den ligg føre med desse prioriteringane:

1. Personalforvaltning og sjukefråvær
2. Kommunale bustader, forvaltning og tildeling
3. Digitalisering, digitale flater og innbyggarkommunikasjon
4. Helseplattformen AS og Ålesund kommune
5. Attvin AS - sjølvkosttenester og bedrift

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen om risiko og vesentlegheit vert endra.

Behandling

Kontrollutvalet drøfta planen og ysnkjer å legge den fram for kommunestyret slik den ligg føre.

Kontrollutvalet ber om at kontrollutvalsekretæren inviterer kommunedirektøren til å gje ei orientering i neste møte. Tema er kommunikasjon mellom kommunen og innbyggjarane foregår, både dei som er digitale og dei som ikkje handterer dei digitale flatene.

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet sluttar seg til framlagte Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 Ålesund kommune. Planen vert sendt til kommunestyret med følgjande tilråding:

Kommunestyret vedtek Plan for forvaltningsrevisjon 2024-2027 Ålesund kommune, slik den ligg føre med desse prioriteringane:

1. Personalforvaltning og sjukefråvær
2. Kommunale bustader, forvaltning og tildeling
3. Digitalisering, digitale flater og innbyggarkommunikasjon
4. Helseplattformen AS og Ålesund kommune
5. Attvin AS - sjølvkosttenester og bedrift

Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen om risiko og vesentlegheit vert endra.

PS 32/24 Budsjettramme for kontrollarbeidet 2025

Ålesund kontrollutval 03.09.2024

ÅKOU 32/24 Vedtak:

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval sitt samla budsjetframlegg for kontrollarbeidet 2025 i Ålesund kommune er kr 5 810 000 fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid kr 475 000
- Sekretariatstenester (eigardel) kr 1 535 000
- Rekneskapsrevisjon kr 2 400 000
- Forvaltningsrevisjon kr 1 400 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2025 for Ålesund kommune og dei tre kommunale føretaka.(KF)

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Ålesund kontrollutval sitt samla budsjetframlegg for kontrollarbeidet 2025 i Ålesund kommune er kr 5 810 000 fordelt slik:

- Kontrollutvalet sitt arbeid kr 475 000
- Sekretariatstenester (eigardel) kr 1 535 000
- Rekneskapsrevisjon kr 2 400 000
- Forvaltningsrevisjon kr 1 400 000

Kontrollutvalet føreset at utvalet vert gjort kjent med vedtatt budsjettramme for kontrollarbeidet, når kommunestyret har vedteke det samla årsbudsjettet 2025 for Ålesund kommune og dei tre kommunale føretaka.(KF)

PS 33/24 Meldingar

Ålesund kontrollutval 03.09.2024

ÅKOU 33/24 Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

Behandling

Votering: Samrøystes

Sekretariatet si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

MS 12/24 Revisor si erklæring om uavhengigheit 2024

MS 13/24 Kontrollutvalet si påsjå-rolle ovanfor revisjonen

MS 14/24 Attvin AS - protokoll frå generalforsamling 07.06.2024

MS 15/24 Innkalling ekstraordinært representantskapsmøte 29.08.2024 IKA MR